

BD/OH/gb
941

ÅRDAL KOMMUNE
FORMANNSKAPET

-05.66

ARKIV NR.: 1941

R A P P O R T

frå synfaringa på Huldrebakken den 5 mai 1966.


I samsvar med vedtak i formannskapssak nr 278/66 vart det halde synfaring på Huldrebakken den 5 mai der kommuneingeniør Dræge og ing. O. Hjelle møtte for ingeniörkontoret, ing. Aadland for bygningsrådet og Oddleif Sörebö og Ingvald Söfting for huseigarane. Dessutan møtte kontorsjef Lund-Johansen som observatør for A/S Ardal og Sunndal Verk.


Synfaringa vart avgrensa til det området som rapporten frå Natur-skadefondet omhandlar, i det ein fann det nytteslaust, utan sak-kunnig assistanse, å ta stilling til faren for ras frå den överste del av fjellsida.

Etter synfaringa kan ein berre på ny stadfesta rapportens konklusjon om rasfare, i det ein serleg må peika på at den knausen som i rapporten er nemnt parti 4 (bilag 1) ser svært stygg ut og at ein såleis må rekna med at denne kan rasavkvar tid som helst.

Denne ligg slik til at det serleg er dei 2 austlege husa som er utsett. I rapportens framlegg til sikringstiltak skal denne knausen sprengast ned, men föresetnaden er at för dette kan gjerast, må den beskrevne fanggrava takast opp. Det visar seg då at det ikkje let seg gjera å föra denne fanggrava så langt fram at den kan gje dekking for desse 2 husa som ligg mest utsett til. Avstanden mellom husa og foten av ubda er forliten på dette partiet til at ein kan oppnå ei bredde på gröfta som kan vera til noko vern, her kan ein elles föya til at det også lenger vest kan hi vanskar med å få opparbeid fanggrava i den breddet som er beskrive i rapporten.

Som ein konklusjon på vår synfaring er vi komne til at det enklaste, sikraste og truleg også det billigaste vil vera å flytta dei 2 husa som ligg lengst aust (eigarar Peder Öy og Oddleif Sörebö). Om då den nye synfaring av den övre del av fjellsida skulle visa seg at det ikkje föreligg nokon overhengandefare for ras frå dette området, ville fanggrava kunne föra fram slik at den ville gje dekking for heile det utbygde feltet og nedsprenginga ville kunna utförast under vesentleg tryggare forhold.


B. Dræge.


O. Hjelle.
O. Hjelle.